

Kommunestyresalen, Combisenteret Fiskå10. April 2026

Årsmøte Hovda Utmarkslag.

Emne: Årsmelding for driftsåret 2025

Goddag til Årsmøte og vel møtt alle saman!

Etter førre Årsmøte 27.03.2025 konstituerte det nye styret i Hovda Utmarkslag seg den 14.04.2025 der styret vart samansett i tråd med Årsmøte-valg av nemnde dato.

Styret var i driftsåret samansett slik: Leiar; Harald Søvdsnes, Valgt i Årsmøte for 1 år.

Konstitueringsmøte vedtok styrefordeling som var slik: nestleiar: Per Arne Sandnes, Sekretær: Per Marius Lillehamre, Kassérar, Ole Jonny Bellen. Styremedlem; Aksel Fiskaa Øren, som òg er jaktleiar i Hovda Utmarkslag

Øvrige valgte i Årsmøte:

1. Vara; Jan Egil Nybø 2.Vara: Håkon Brudevik.

Valnemnd: Leiar: Odne Oldeide, medlemar; Geir Ove Nordal og Kjell Asbjørn Holen.

Regnskapsførar; Rekneskapen har vore forvalta av Kassér Ole Jonny Bellen.

Revisor 1: Oddvin Kragset Revisor 2: Inge Rekdal.

Storviltutval:

Jaktleder: Aksel Fiskaa Øren, Medlem: Kåre Honningsvåg, Medlem: Ole Petter Nystøl, Medlem; Jo-Grunde Eidså.

Drift og Saker igjennom driftsåret.

Driftsåret 2025 har igjen vore eit aktivt år i laget, med gode fremjingar til god viltforvaltning, samarbeid med dei andre utmarkslaga i Kommunen, med samankomstar og felles uttalelsar i saker som angår viltforvaltning til kommuneadministrasjonen.

Ein kontrovers med jaktfelt 16, indre Thunem har vorte forslagsløyst med at jaktfeltleiar i felt 16, har meldt ut 4 medlemmer, og har søkt alle 16 gardsbruka i jaktfeltet over til Søre Vanylven Utmarkslag.

Kontroversen har sin bakgrunn og innhald i at jaktfeltleiar kravde meir tildelte løyver, men Storviltutvalet i Hovda Utmarkslag har gitt tilsvar om minsking av løyver til feltet. Utvalet har i forkant av anbefalte fellingsløyver til Styret, som er grundig reflektert over tidlegare

tildelte,- fellingsresultat og bestandtettheit. Fellingsprosenten i feltet har dei seinaste åra lagt på 33,44,55,20 og 61 %.

Forvaltning av hjorteviltet og tildeling er prinsippfast ved «kunnskapsbasert forvaltning» i Hovda Utmarkslag og då fellingsresultatet har vore mykje lavare enn tildelt, fører dette til sakleg mindre tildeling slik normalt er.

HUL har gjort kommunen merksam på at eventuelle kostnader tilknytt endring av grenseområder, arealutgreingar og sånt, som det offentlege tek seg av, vert for utmeldarane å bære, då det er desse som som etter eige ynskje sette igong prosessen.

Overordna forvaltningsplan i kommunen.

I tråd med Forskrift om hjortevilt § 3. skal kommunen i forvaltning av hjort og rådyr, lage ein overforvaltningsplan av hjortevilt i kommunen.

Utmarkslaga hadde eit fellesmøte med kommunen der jaktleiarane tok del og la fram ideutkast til forvaltningspunkt som måtte være inkludert i ein slik overordna forvaltningsplan i høyringsperioda som var annonsert.

Punkt som dei 4 utmarkslaga påpeikte var:

1. Bestandsmål, skal vi auke, stabilisere eller redusere hjorte bestanden i kommunen.
2. Avskytings profil (alder og kjønn) sett i forhold til bestandsmål.
3. Mål for fellingsprosent (bør være 80%)
4. Krav om dokumentert internkontroll av felte dyr.
5. Hovda Utmarkslag sendte inn eit tilleggspunkt i etterkant av dette som lyder:
Forvaltninga av hjortevilt og anna vilt, skal være «Kunnskapsbasert» og som handlar om å tilpasse jakt og forvaltning etter kunnskap om vilt og bestandar.

Kommunestyret godkjende utkast til «planen» den 15.12.2025 med slik tekst i vedtaket:
Forvaltningsplan for hjort i Vanylven kommune 2025 – 2030 vert godkjent med dei merknadane i saksutgreiinga tek til følge og vert innarbeidd i planen – slik formuleringane frå Formannskap og saksframlegget i K.styret var framlagt og samrøystes vedteke.

Då planen vart motteken som ferdig skriven frå kommunen, var ingen av nemnde punkt med i planen.

Men eitt punkt som Styret i HUL sluttar seg til er: «Skrapdyr ordninga» er avlyst av kommunen, - den er dermed opphøyrd i heile kommunen.

Utmarkslaga i Vanylven har som ein konsekvens av manglane, anka innhaldet i planen til Statsforvalteren.

Ankesak er under utarbeiding, og endeleg svar ligg ikkje føre endå.

Desse to nemnde sakene har vore arbeidskrevjande gjennom driftsåret, og styret har tilsaman utøvde 152,5 timar og i tillegg har jaktleiar og formann utøvt 48,5 timar i styrearbeid for HUL. I tillegg er det utruleg mange «ikkje-loggførde» timar som har gått med til å utdjupe nærkontakt med jaktfelt og oppdukkande saker.

Av dette kan nemnast; HUL avholdt nærkontakt med jaktfelt, delteke med 2 vårteljingar av hjort «Føre jakta» møte, «Etter jakta» møte, der forvaltningsmessig informasjon til/frå kvarandre er utveksla. Storviltutvalet har vore aktivt med tilrådingar om fellingsløyver til regulering i tråd med erfaring om viltteljingar og med godkjend avskytingsplan.

Ekstra utveksling/informasjons møte med jaktfelt som ynskjer endring av hjorteforvaltninga i sine jaktfeltområde til å betre tilhøva for viltet som stadmessigt er bundne til område er imøtekomne frå jaktfelt i ytre delen i det geografiske området til HUL.

Økonomi

Kasséarar har sjølv følgd opp rekneskapen, og som eit sparetiltak til å kome oss fri frå utgifter til «skatteattest», og kjøp av rekneskapsleigetimar til eksternt rekneskapskontor har laget teke i bruk den nettbasert og godkjent rekneskapsprogram «Fiken» der kasséarar kan føre godkjent likningsattest til skatteetaten sjølv.

Dette medfører ein god del meirarbeid for kasséarar, då Utmarkslaget tidlegare var bortskjemde av «godheit» frå Audun Sandnes som utførde rekneskapsplikta på «dugnad» Ære være Audun Sandnes, og på vegne medleamar og styre; Tusen Takk Audun.

Kostnadane for Heimeside på nettet, 5200, Rekneskapsprogram 5000,- pr år, og så er det at firmaet «Orgbrain» som har tilbudd ein databasert «styreportal» strømprofilert i samvirkeforetak. Årleg Kostnad for denne er i underkant av 10000.- og difor må Årsmøte enten forkaste eller godkjenne ein slik ny kostnad.

Slik «databasert styreportal» er eit steg vidare til ei utruleg betring i sjølve styreprosessen i den daglege og årlege drifta, og eit sånt resultatet vil gi Hovda Utmarkslag eit heilprofesjonelt ytre til offentlegheita, og til sine medleamar.

Til slutt;

Styret har motteke mykje ros og god-ord for styringa av utmarkslaget frå profesjonelt hold både frå kommune adm. og Fylkeskommune. Og ublygt nok kan Årsmeldinga uttale til Årsmøte at fagarbeidet i hjorteforvaltning med statistikkar og kunnskap utmarkslaget utøver, ligg på «forskars» nivå.

Det er styret vel fornøgde med....., men vi skal ikkje legge oss til å kvile på laurbær, *vi vil videre*..... sa ein stor skipsreiar eingong... Og lykke til med eit godt Årsmøte.

Mvh

Harald Søvdsnes
.....

Harald Søvdsnes

Styreleiar